



\* NOKRE AV KURSDELTAKARANE: Frå venstre Adele, Live, Petter, Maja og Alet.

# Fullsett ridekurs for Volda rideklubb



\* NØGDE ARRANGØRAR: Liv Jorunn Nyhagen var svært nøgd etter helga.

I helga arrangerte Volda rideklubb ridekurs for juniorar ved Vollane ridebane.

Volda rideklubb arrangerte laurdag og søndag ridekurs for juniorar, og med eit fullsett kurs vart det ein suksess for arrangørane.

#### Populært arrangement

Ridekurset gjekk over to dagar, både laurdag og søndag, og var populært blant borna. Volda rideklubb hadde kapasitet til å ta i mot ti deltakarar, og ridekurset var fullsett. Her fekk dei yngste prøve seg på hesteryggen saman med erfarne instruktørar som såg til at alt gjekk trygt for seg. Fire år gamle Nicholas hadde for høvet med seg shetlandspennien "Wilma" og trass i

sin unge alder, hadde han full kontroll på hesteryggen.

- "Wilma" er ein veldig snill hest, kunne han fortelje Møre.

#### Ulike aktivitetar på hesteryggen

Borna fekk lånt kvar sin hest av rideklubben, og dei fekk god hjelp av instruktørane. Fyrst fekk dei eit kurs i korleis ein tryggast fører hesten og korleis ein best kontrollerer hestekreftene. Etter dette fekk borna prøve seg på ulike postar og forhindringar, med varierte utfordringar som rytтарane måtte igjennom. I det kalde, men flotte haustværet på Vollane ridebane søndag ettermiddag, såg det ut til at borna storkosa seg på hesteryggen.

#### Nøgde arrangørar

Arrangørane var svært nøgd med helga, og Liv Jorunn Nyhagen fortel at arrangementet var ein suksess.

- Alle eg snakka med var svært



\* TRENAR SVINGTEKNIKK: Petter Solhjem (8) på veg gjennom hinderet.

nøgde med kurset, og vi håpar at dette vil rekruttere fleire hesteentusiastar, fortel Nyhagen til Møre. Ho fortel vidare at dei no har til saman 16 juniormedlemmar, og seier at Volda rideklubb er interesserte i å rekruttere fleire hesteinteresserte.

- Det har og vore etterspurd kurs for vaksne, og 16.-17. November kjem vi til å halde kurs for studentar og vaksne. I tillegg kjem asylmottaket i Volda på besøk fyrstkommande onsdag, avsluttar ho. Neste juniorkurs vert til våren.

✉ GARD EIRIK H. AUSTRHEIM



\* FULL KONTROLL PÅ HESTERYGGEN: Nicholas (4) lånte ut shetlandspennien "Wilma" til deltakarane på ridekurset.



\* Kjekt å hoppe i søylene



\* KLAR TIL START: Alet (8) er ein erfaren rytтар, men hadde aldri vore på eit slikt kurs før.

# Busettingstilskotet bør bestå

**Formannskapet var tysdag tilrådd å fjerne busettingstilskot på bygdene, men dette gjekk ikkje møtelyden med på.**

I staden for å gi busettingstilskot til einiskildhus, var det føreslege opne for å inngå utbyggingsavtaler med private utbyggjarar av husklyngjer. Odd A. Folkestad (Ferja) var den fyrste til å ta ordet i debatten, og han minna om at kommunestyret i 2012 utnemnde eit utval som skulle ta føre seg bygdeutvikling: "Amdamutvalet".

- Rapporten derifrå var god, og den vart teken til vitande i mai i år. Eit av punkta der fokuserte på at kommunen skal halde fram å gi tilskot til utbygging på bygdene. Vi kan ikkje gå vekk frå det vedtaket, som var samrøystes. Eg føreslår at tilskotet vert halde oppe, sa Folkestad.

## Få utbetalingar

Busettingstilskot har vore eit tilbod til personar som har bygt hus i bygder utan kommunale byggjefelt, og tilskotet har vore på kring 100.000 kroner per hus. Det har vore få utbetalingar siste åra, og

kommunen har ikkje sett av pengar i budsjettet til dette.

- Om de ynskjer at ordninga skal halde fram, må den innarbeidast i budsjettet. Kommunestyret må ta ansvar for at der er pengar, for eg må ha dekning for å tildele pengane, forklarte rådmann Rune Sjugard.

- Dette er meir ei symbolsak enn ei økonomisk utfordring for kommunen. Det er eit signal om at ein ynskjer etablering på bygdene. Vi må ta inn over oss dei økonomiske utfordringane i kommunen, men vi har råd til å halde oppe tilskotsordninga, meinte ordførar Arild Iversen.

## Forskrift eller ordning?

Odd Harald Sundal (Sp) peika på at det er mange måtar å støtte busetnad på bygdene på.

- Å støtte utbygging i klyngjer, slik som administrasjonen føreslår, er eit godt tiltak som gir maksimal utteljing for pengane. Men det er også viktig at utbyggjarane vert møtt med velvilje og ei løysingsorientert haldning når dei kjem med sine planar, slo han fast. Då rådmannen såg at det gjekk mot ei vidareføring av busettingstilskotet, bad han politikanne vur-

dere om det skal vere nedfelt som ei forskrift, slik som i dag, eller om det heller skal vere ei ordning.

- Korleis skal eg eventuelt halde meg til denne ordninga i budsjettarbeidet? Kor mykje pengar skal eg leggje inn? Vi står framfor store kutt, peika han på. Arild Iversen hadde løysinga:

- Om utbyggjarane søkjer eit år, så får dei midlane utbetalt i neste års budsjett. Då har vi tid på oss til å leggje midlane inn i budsjettet, sa han.

## Samrøystes

Då saka gjekk til røysting vart det samrøystes vedteke å oppheve forskrift om direktestønning til utbygging av bustadtomter frå dags dato. Samstundes vart det samrøystes vedteke å halde fram med busettingstilskot på bygdene som ei ordning, og rådmannen fekk i oppdrag å leggje fram ei sak om retningslinjer for ordninga. Det var også tilslutnad til at kommunen i kvart einiskild tilfelle vil vurdere å kunne inngå utbyggingsavtale med private utbyggjarar av husklyngjer. Saka skal endeleg avgjerast i kommunestyret 31. oktober.

LIV JORUNN NYHAGEN

# Rotevatnet Rundt - 20. løp

Laurdag var det eit lite jubileum, idet det 20. løpet av Rotevatnet Rundt blei arrangert. I godt løpeveir møtte heile 19 deltakarar opp, og raskast av dei alle var Bjørnar Hunnes som vann på den gode tida 21.36. Bjørnar var nesten eit minutt føre Ivan Kapot, som tok andrelassen på tida 22.32, med Jan Ketil Vinnes frå Ålesund på tredjeplass med tida 22:55.

Yngstemann var 9-år gamle André Årseth, som imponerte alle i dag!

Neste løp er 30. november. Då håpar vi at enno fleire tek turen til Stadion.

## Resultat

### Under 18 år

Sindre Burås Sylte, VTI 25:37  
André Årseth, Volda 48:46

### 18 - 29 år

Bjørnar Hunnes 21:36  
Ivan Kapot 22:32  
Martin Hauge Nilsen, Kondis 23:43  
Yngve Trandal, Hovdebygda 24:38  
Håvard Birkeli, Godøy IL 24:45

### 30 - 39 år

Ala Subaih, Ålesund 23:26  
Hogne Søholt, Mork Rehab.senter 25:59  
Marcus Kemp Vedeler, Eid IL 26:52  
Daniel Garden, #Spring Ørsta 30:20

### 40 - 49 år

Jan Ketil Vinnes, Ålesund 22:55  
Trond Haugland, Volda 24:39  
Stein Conradsen, Norden Runners 27:35  
Vetle Haugen, # Spring Ørsta 29:31  
Harald Krøvel, Volda Løpelag 30:02

### 50 - 59 år

Svein Aam, Volda 25:15  
Egil Arne Standal, Volda Løpelag 29:12  
Jørgen Clausen, Håvoll 28:43



## Bli kjent med Møre



Med Møre som E-avis får du ho digitalt tilsendt, i 05-tida, kvar avisadag.

Få Møre i postkassa di ut året for kr.

**155,-**

Få Møre som E-avis ut året for kr.

**155,-**

Kontakt oss på tlf. 70 07 44 22 eller e-post: [abb@mre.no](mailto:abb@mre.no)

Hugs å oppgi namn, adresse og telefonnummer

**Møre**  
Avis for Sør-Sunnmøre



\* UTAN HENDER: Adele Sirén Enerhaug (7,5) syner triks frå hesteryggen.



\* KJEKT Å TRAVE: Live Katrin Enerhaug (10) trenar på trav.